

Sunnfjord kommune

# Kommuneplanens arealdel

Folkemøte, Sande skule 6. februar 2023



# Velkommen

**Program for Sande**

Velkommen v/Jenny Følling og Terje Heggheim
Sande nærmiljøråd v/Arild Horsevik

**Del 1 Kommuneplanens arealdel**
Spørsmål og diskusjon

Pause

**Del 2 Moglegheitstudie for flaumsikring av Gaularvassdraget**
Spørsmål og diskusjon

Avslutning



# Nærmiljøråda

**Formål**

- Lokale utviklingstiltak
- Auka attraktivitet og bulyst
- Talerøyr og høyringsinstans
- Samarbeide med frivillige lag og foreiningar lokalt
- Ta initiativ og motivere til samarbeidsprosjekt
- Lokale utviklarar for fellesskapet





# Sande nærmiljøråd

«Skape engasjement rundt stadutvikling og skape attraktive bumiljø»

# Merknadar til planoppstart av arealdelen

- Sande skal vere ein plass der folk trivast og har lyst å bu
- Der folk har lyst å flytte til – ikkje berre fordi det er billigare å bu her enn i Førde
- Barn og unge skal kunne velje ulike fritidsaktivitetar her også – ikkje berre idrett om dei ikkje ynskjer det – eller må til Førde
- Folk i alle aldrar skal kunne møtast for ein prat – ikkje berre mellom hyllane på butikken

# Kva er viktig for Sande?

- Ein god plass å flytte til og der folk vert buande, og vaksne ungdom kjem attende
- Hindre fråflytting og skape eit levande bygdemiljø med lys i alle hus
- Gode trygge gang- og sykkel vegar i og rundt Sande sentrum
  - «Nistad krysset» veg 610
- Eit nærmiljø med skule, barnehage, helsehus, næringsliv og skysstasjon

- Merking av køyrefelt over brua. Dette vil trygge gåande og syklande. Billig og effektiv tiltak
- Gatelys – her er fleire mørke område der det ferdast barn kvar dag
- Utviding av bustadfelt også i områda sjukeheimen/Skagen

- *SVV og nye E39 – midlar som skulle setjast av til gang- og sykkelveg og gatelys!*

*Kor vart dei av ? ?*

# Kva er viktig for Sande?

- Utvida tilbod i kulturskulen og møteplass for ungdomen:
  - FAU, Elevråda, Ungdomsrådet og ungdomen må på bana om det er ynskjeleg med Ungdomsklubb på Sande
  - Kommunikasjon med kommunen i eit slik prosjekt som krev stillingar
  - Lage spørjeskjema «kva ynskjer ungdomen»
- Korleis kan Sande NMR støtte bygdefolket, lokale lag og organisasjonar ?

- Gode turstiar i nærmiljøet og sentrum med benkar/bord for rekreasjon og leik
- Parkering på Sande for dei som skal til Førde – **elbuss til og frå Førde som fast tilbod**
- Få ferdig avklaring av «brann tomta» i sentrum
- Stoppeplass langs E39 med toalett/tømmeplass og infotavle (digitalt) **kva er aktuelt for turistar i Gaular**

# Kva er viktig for Sande?

- Opne temamøte mellom Sande NMR og kommunen (mini folkemøte)
- Faste økonomiske bidrag frå kommunen som NMR disponerer til lokale tiltak
- NMR meir tydeleg i lokalmiljøet med «opne møte»
- Kommunen fortsett sine invitasjonar til faste møte med nærmiljøråda for gjensidig informasjon

- **Nytte dagens kommunehus som samfunns- og aktivitetshus der folk i alle aldrar kan møtast**
  - **Kontorfasilitet for org.**
  - **Tema kafé**
  - **Aktivitetskveldar**

- **Ein plass der bygdefolket kan møtast for ein prat ut over det som no må takast mellom reolane på Spar !**

# Sande nærmiljøråd

«Takk for oss
og håper på vidare
utvikling av Sande og
områda rundt!»

# Bakgrunn

## Kommunalt plansystem

- Kommunal planstrategi 2020-2023
- Kommuneplanens samfunnsdel 2022-2030
- Kommuneplanens arealdel 2023-2034
  - Plan- og bygningslova
  - Andre sektorlover




Sunnfjord kommune

# Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2030

## Mål

### Hovudmål

Sunnfjord kommune skal sikre folketalsvekst og berekraftig utvikling i heile kommunen gjennom å vere grøn, mangfaldig og attraktiv

### Delmål

1. Gode kvardagsliv
2. Regionmotor på Vestlandet

## Arealstrategi

Korleis skal ein oppnå dette gjennom kommuneplanen sin arealdel?

- Arealstrategi med 12 punkt
- Strategisk temakart med senterstruktur

### Arealstrategien sine 12 punkt

1. Redusere transportbehovet gjennom samordna bustad, areal- og transportplanlegging med vekt på mobilitet til fots, sykkel og kollektivtransport.
2. Legge til rette for høg arealutnytting i by- og senterområde gjennom fortetting og transformasjon. Det skal leggast vekt på god arkitektur, byrom, kulturmiljø, trafikktryggleik, blågrøn struktur og andre miljøverdiar.
3. Ny bustadbygging i kommunen bør skje innanfor vekstsonene kring senterområda våre (sjå strategisk temakart i fig. 9 i planen). I løpet av ein 12 års periode skal det utarbeidast kommunale reguleringsplanar/ sentrumsplanar for å sikre tenestene i sentera våre.
   - Sunnfjord kommune vil sikre gode bumiljø i alle livsfasar og stimulere til ein differensiert bustadmarknad i ulike delar av kommunen.
   - Kommunen skal gjennom bruk av LNF-spreidd bygging, samt utarbeide føresegner i arealdelen, ta heile kommunen i bruk.
4. Arealdelen må ta stilling til kva område som skal utviklast til plasskrevjande handel og konsekvensar i høve eksisterande sentrum. For Førde sin del vil arealdelen sjå på ulike utbyggingsmønster og konsekvensar av alternativa.
5. Område avsett i gjeldande kommuneplanar til bygg og anlegg som ikkje er regulerte, og som ikkje er i samsvar med statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, skal vurderast særskilt i høve ny plan.
6. Nye utbyggingsområde vil utnytte eksisterande infrastruktur så langt det lar seg gjere. Tilkomst til viktige frilufts- og naturområde bør sikrast.
7. Bygging av fritidsbustader vil i hovudsak skje ved fortetting i tilknyting til eksisterande område for fritidsbustader eller i område som vert tilrettelagt for fritidsbruk, reiseliv og naturopplevingar.
8. Arealbruken i Sunnfjord kommune bør vere klima- og arealnøytral.
9. Lokalisere og utvikle utbyggingsområde tilpassa konsekvensane av klimaendringane. Det skal leggast stor vekt på samfunnstryggleik i nye og eksisterande byggeområde.
10. Masseoverskot frå større vegprosjekt i Sunnfjord må bukast samfunnsnyttig. Dersom massane må deponerast, skal ringverknadene for natur og miljø vere minst mogeleg negative.
11. Produksjonsareal for jord- og skogbruk, natur med viktige økosystemfunksjoner, viktige friluftsområde og kulturminneverdiar bør takast omsyn til i arealplanar og utbyggingssaker. Det bør gjennomførast eit arealrekneskap som viser konsekvensane av utbygging av dyrka mark eller naturområde.
12. Utbygging i strandsona og langs vassdrag bør ikkje forringe kvalitet og verdiar som råkar ålmenne interesser som til dømes ferdsel, tilgang og naturmangfald. Samstundes bør det leggast betre til rette for kaier og sjøretta næring i Sunnfjord.



Sunnfjord kommune



# Arealstrategien sine 12 punkt

1. **Redusere transportbehovet** gjennom samordna bustad, areal- og transportplanlegging med vekt på mobilitet til fots, sykkel og kollektivtransport.

2. Legge til rette for **høg arealutnytting** i by- og senterområde gjennom fortetting og transformasjon. Det skal leggast vekt på god arkitektur, byrom, kulturmiljø, trafikktryggleik, blågrøn struktur og andre miljøverdiar.

3. **Ny bustadbygging** i kommunen bør skje innanfor vekstsonene **kring senterområda våre** (sjå strategisk temakart i fig. 9 i planen). I løpet av ein 12 års periode skal det utarbeidast **kommunale reguleringsplanar/ sentrumsplanar** for å sikre tenestene i sentera våre.
   - Sunnfjord kommune vil sikre gode bumiljø i alle livsfasar og stimulere til ein differensiert bustadmarknad i ulike delar av kommunen.
   - **Kommunen skal gjennom bruk av LNF-spreidd bygging, samt utarbeide føresegner i arealdelen, ta heile kommunen i bruk.**

4. Arealdelen må ta stilling til kva område som skal utviklast til plasskrevjande handel og konsekvensar i høve eksisterande sentrum. For Førde sin del vil arealdelen sjå på ulike utbyggingsmønster og konsekvensar av alternativa.

5. Område avsett i gjeldande kommuneplanar til bygg og anlegg som ikkje er regulerte, og som ikkje er i samsvar med statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, skal vurderast særskilt i høve ny plan.

6. Nye utbyggingsområde vil **utnytte eksisterande infrastruktur** så langt det lar seg gjere. Tilkomst til viktige frilufts- og naturområde bør sikrast.

7. Bygging av **fritidsbustader vil i hovudsak skje ved fortetting i tilknyting til eksisterande område for fritidsbustader eller i område som vert tilrettelagt for fritidsbruk, reiseliv og naturopplevingar.**

8. **Arealbruken i Sunnfjord kommune bør vere klima- og arealnøytral.**

9. Lokalisere og utvikle **utbyggingsområde tilpassa konsekvensane av klimaendringane**. Det skal leggast stor vekt på samfunnstryggleik i nye og eksisterande byggeområde.

10. Masseoverskot frå større vegprosjekt i Sunnfjord må bukast samfunnsnyttig. Dersom massane må deponerast, skal ringverknadene for natur og miljø vere minst mogeleg negative.

11. Produksjonsareal for jord- og skogbruk, natur med viktige økosystemfunksjoner, viktige friluftsområde og kulturminneverdiar bør takast **omsyn** til i arealplanar og utbyggingssaker. Det bør gjennomførast eit **arealrekneskap** som viser konsekvensane av utbygging av dyrka mark eller naturområde.

12. Utbygging i **strandsona og langs vassdrag** bør ikkje forringe kvalitet og verdiar som **råkar ålmenne interesser** som til dømes ferdsel, tilgang og naturmangfald. Samstundes bør det leggast betre til rette for kaier og sjøretta næring i Sunnfjord.

«Målet er å styrke utvalde kommune-, lokal- og nærsenter for eit større omland»

# Strategisk temakart




Sunnfjord kommune

# Kommuneplanens arealdel

Ny felles arealdel for heile kommunen



Sunnfjord kommune

# Bakgrunn

## Formålet



- Samfunnsutvikling og arealbruk
- Felles «spelereglar»
- Vurdering av nye arealformål



- Ivareta og sikre omsynet til naturfarar, landbruk, natur, kultur
- Ivareta nasjonale mål og overordna planar

## Aktuelle spørsmål



- Plassering av nye bustadformål?
- Offentleg og privat tenesteyting, handel og næring?
- Omsyn til natur, kultur og landbruk?



- Korleis skal denne planen følgje opp samfunnsdelen og bidra til å nå FN sine berekraftsmål?






Sunnfjord kommune

# Kva areal har blitt prioritert?

## Silingskriterier

1. Prioritere fortetting- og vidareutvikling av eksisterande areal
2. Nærleik til skule, barnehage, arbeidsplassar
3. Tilhøve til teknisk og økonomiske løysingar for infrastruktur
4. Potensiale for bukvalitet
5. Potensiale for differensiert buformer/-miljø
6. Trafikktryggleik og tilrettelegging for mjuke trafikkantar
7. Unngå konflikt med landbruk, friluftsområde, vassmiljø, viktige natur- og kulturverdiar, samt karbonrike areal
8. Samfunnstryggleik i høve ras, skred, flaum




Sunnfjord kommune

# Befolkningsframskrivingar

Folketallet
3. kvartal 2022
**22 147**




Befolkning i 2050
2050
**22 304**

Andel som bor i tettsted
2021
68 %

# Befolkning og -framskrivingar 2021-2034

## Endring i folkemengd i tettstadane – absolutt tal



# Overordna plandokument – før og etter

## Gjeldande kommuneplanar

| Kommuneplanar | Vedteke (år) |
|---|---|
| Arealdel – Førde kommune 2018 – 2030 | 2019 |
| Arealdel – Jølster kommune 2013 – 2025 | 2014 |
| Arealdel – Naustdal kommune 2003 – 2014 | 2003 |
| Arealdel – Gaular kommune 2000 – 2012 | 2001 |

| | |
|---|---|
| KDP Vevring 2016 - 2028 | 2016 |
| KDP E39 Langeland – Moskog | 2013 |
| KDP Trafikk Førde sentrum | 2013 |
| KDP Forretning – Industri i Gaular | 2012 |
| KDP Naustdal sentrum 2011 – 2023 | 2011 |
| KDP Sande 2008 - 2020 | 2009 |
| KDP Vona | 2001 |
| KDP Viksdalen | 2001 |
| KDP Bygstad | 2001 |
| KDP Langeland - Bringeland | 2001 |
| KDP Diff. forvalting av Gaularvassdraget | 1996 |

## Nytt planforslag

| Kommuneplanar | Vedteke (år) |
|---|---|
| Arealdel - Sunnfjord kommune | (2023) |

| | |
|---|---|
| KDP E39 Langeland – Moskog | 2013 |
| KDP Trafikk Førde sentrum | 2013 |
| KDP Diff. Forvaltning av Gaularvassdraget | 1996 |

Sunnfjord kommune

# Hovudendringar i nytt planforslag

## Arealdelen

- Felles føresegn og retningslinjer
- Felles arealformål

- Gjeldande lovar og reglar
- Statlege og regionale planar
- Ny kunnskap

- Digitalisering av plankart
- Brukarvenlegheit og klart språk

⬇

- Enklare å forvalte = enklare å forstå
- Enklare å samarbeide

## Sentrale tema

- Folkevekst og berekraftig utvikling
- Samfunnstryggleik og naturfare
- Fulldyrka jord og karbonrike areal
- Ta heile kommunen i bruk
- Senterstruktur og utvikling «innanfrå og ut»

# Korleis er arealdelen satt saman?

## Plandokument

- Planomtale
- Plankart (§)
- Planføresegn med retningslinjer (§)

## Vedlegg

- Overordna konsekvens- og risikoanalyse av nye arealinnspel
- Arealrekneskap
- Delområde frå KDP som vert teke ut m/kartoversikt
- Estimert bustadbehov
- Oversikt innkomne merknadar til planoppstart
- Bandlagde kulturminne og omsynssone kulturmiljø
- Omsynssone naturmiljø og naturverneområde
- Føreseielegvedtak
- Rapport om byutviklingsretning i Førde

- Kommunale reglar for parkering
- Kommunale reglar for uteopphaldsareal
- Kommunale reglar for skilt og reklame
- Kommunale reglar for vatn, avlaup og overvatn
- Kommunale reglar for vegar

# Framdriftsplan




Oppstart
**februar 2022**
Planforum
folkemøte/
annonsering

Høyring av
Planprogram
Arealinnspel
**vår 2022**

Utarbeiding av
planforslag

Høyring av arealdel
**januar – februar 2023**

**Administrativ prosess og medverknad**




1.gong planprogram
**febraur 2022**

Politisk verkstad
utforming av "sil"
**mars 2022**

Vedtak planprogram
**april 2022**

Politisk verkstad
Silingsrapport
**juni 2022**

1.gong planforslag
**desember 2022**

Politisk verkstad
revidert planforslag
etter høyring
**mars 23**

**Politisk prosess**

# Høyringsperiode 12. januar – 28. februar

**Kva kan du komme med innspel til?**

- Generelt om planforslaget
- Planføresegn med retningslinjer (§)
- Plankartet med sine arealformål og omsynsoner (§)









# Høyringsperiode 12. januar – 28. februar

## Folkemøte

- Presentasjonar
- Referat
- Heimesida



### Kva er ein kommuneplan?

Her kan du sjå kva ein kommuneplan er.



### Forslag til nytt plankart

Sjå forslaget til det nye plankartet til arealdelen her.

### Folkemøte om planforslaget

Saman med nærmiljøråda inviterer kommunen til folkemøte om planforslaget til kommuneplanen sin arealdel.

Alle møta blir klokka 18.00–20.00, unntatt Viksdalen som blir klokka 19.00–21.00.

Vi håpar du kjem!

- Les meir om nærmiljøråda

- 26.01.23 Bygstad samfunnshus
- 30.01.23 Viksdalen skule
- 02.02.23 Vevring skule
- 06.02.23 Sande skule
- 09.02.23 Naustdal skule
- 13.02.23 Skei hotell
- 15.02.23 Vassenden/Gjesthalla
- 16.02.23 Førdehuset, Festsalen

Møtet 16. februar blir strømma til Kommune-TV.

Sunnfjord kommune

# Høyringsperiode 12. januar – 28. februar

**Korleis komme med innspel?**

- Heimesida
- Innspelsskjema

- Høyringsfrist 28.februar
- Alle innspel vil bli vurdert
- Arkivert og offentleg tilgjengeleg


Sunnfjord kommune

Du er ikkje innlogga!

Logg inn

Høyringsuttale

Informasjon

HJELP

- Informasjon
- Innsendar
- Uttale
- Vedlegg
- Kontroller skjema

Forvaltningslova krev at kommunen skal opplyse saker så godt som mogleg før avgjerd vert fatta.

Høyring nyttar vi for at innbyggarar, organisasjonar og næringsliv skal få seie si meining, kunne føre kontroll med kva kommunen gjer, og korleis vi utfører oppgåvene våre.

Vi sender saker på høyring fordi det er ein demokratisk rett for alle å få vere med på å utforme offentleg politikk. I tillegg er det viktig at synspunkta for dei som sakene vedkjem, er kjende for dei som skal fatte avgjerder.

Høyringssaker kan dreie seg om framlegg som regulerer folk sine rettar og plikter, organisering av forvaltninga, endra myndeområde og utgreiingar.

Har du/de fått tilsendt høyringssaka i adressert sending frå kommunen? Ja Nei

Dato på kommunen sitt høyringsbrev: dd.mm.yyyy

Namn på høyringssaka *

Saksnummer/referansenummer *: 23/65

Avbryt Neste

# Høyringsperiode 12. januar – 28. februar

**Korleis sjå gjennom plankartet?**

Heimesida

www.kommunekart.com



Meny
Kartlag
Søk etter adresse, sted eller eiendom




**Kartlag**
Sunnfjord kommune

Alle kartlag | Aktive kartlag

Listen under viser tilgjengelige kartlag for kommunen.

- H130 H190 Sikringsoner andre
- H210-H290 Støysone
- H310 Fare- aktsemdsone kvikkleire
- H310 Fare- faresone ras og skred
- H310 Fare- aktsemdsone ras og skred
- H320 Fare- faresone flaum
- H320 Fare- aktsemdsone flaum
- H360 H380 Faresone andre
- H370 Fare- faresone høgspentanlegg
- H390 Faresone grunnforureining
- H390 Faresone stormflo h2090 20 år
- H390 Faresone stormflo h2090 200 år
- H390 Faresone stormflo h2090 1000 år
- H410 Infrastruktursone
- H510 Omsyn landbruk
- H530 Omsyn friluftsliv
- H540 Omsyn grønnstruktur
- H550 Omsyn landskap

# Vegen vidare




Oppstart
**februar 2022**
Planforum
folkemøte/
annonsering

Høyring av
Planprogram
Arealinnspel
**vår 2022**

Utarbeiding av
planforslag

Høyring av arealdel
**januar – februar 2023**

**Administrativ prosess og medverknad**




1.gong planprogram
**febraur 2022**

Politisk verkstad
utforming av "sil"
**mars 2022**

Vedtak planprogram
**april 2022**

Politisk verkstad
Silingsrapport
**juni 2022**

1.gong planforslag
**desember 2022**

Politisk verkstad
revidert planforslag
etter høyring
**mars 23**

**Politisk prosess**

# Sande – sentrale tema

- Innspel
- Sentrumsføremål
- LNF spreidd føremål
- Omsynsoner
- Områdereguleringsplan Sande sentrum



Foto: Zadig

Sunnfjord kommune

# Gjeldande arealdelar





Innspel nye utbyggingsareal
nipa
Sanda-
åsen
Brand-
åsen
610
Skagen
Sande
Sanda
610
Sande
E39
Sandevegen
610
Steia
Steiefjellet
Nova
Steiåsen
E39
Selstadheia
© 2023 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap

**Nytt planforslag 2023**



# Sentrumsføremål



**LNF spreidd formål**




© 2023 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap

# Omsynsone flaum



# Omsynsone landskap



# Områdereguleringsplan Sande sentrum

## Gaular kommune

- Glad i Gaular 2012/13
- 1. gongs høyring 2019 – Gaular kommune
- Motsegn 2019/2020

## Sunnfjord kommune

- Planstrategi – oppstart 2021
- 2. gongs høyring 2022/23 – Sunnfjord kommune
- Motsegn 2023

**Hovudformål:**
«Sjå eksisterande- og framtidige arealformål i og kring Sande sentrum i samanheng med kvarandre, inkludert sette av areal til eit samanhengande gang- og sykkelnettverk, og dermed styrke sentrum av Sande»

Planforslag



# Planforslag + arealplanforslag



# Sentrumsføremål



# Motsegn – 2019/20



# Motsegn – 2022/23



# Spørsmål og diskusjon



# Kort pause



# Norges vassdrags- og energidirektorat

Moglegheitsstudie for flaumsikring av Gaularvassdraget

# Vi ynskjer å høyre dine meiningar!

Husk høyringsfristen 28. februar